



Arkiv: FE-029, FA-X03
JournalpostID: 26/39117
Saksbehandlar: Kristin Otneim
Aarsnes
Dato: 24.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/111	Stad formannskap	03.09.2026
26/118	Stad kommunestyre	10.09.2026

TV-aksjonen 2026 NRK - NRC Flyktninghjelpen

Bakgrunn for saka:

Stad kommune har motteke søknad om økonomisk stønad til TV-aksjonen NRK 2026.

TV-aksjonen 2026 er søndag 18. oktober og går til NRC Flyktninghjelpen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune løyver kr til TV-aksjonen NRK 2026.

Tilskotet vert finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond.

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Ap:

Stad kommune løyver kr 1,- pr innbyggjar, runda opp til kr 10 000, til TV-aksjonen NRK 2026. Tilskotet vert finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond.

Framlegg frå Frp:

Stad kommune gir kr 0,- pr innbyggjar.

Framlegg frå Ap vart satt opp mot framlegg frå Frp. Framlegg frå Ap vart vedteke med 5 mot 3 røyster. Dei som røysta for framlegg frå Frp var Anfinn Sjøstad (Frp), Gunn Sande (Sp) og Ole-Mathias Nes (Sp).

F - 26/111 Vedtak:

Stad kommune løyver kr 1 pr innbyggjar, runda opp til kr 10 000, til TV-aksjonen NRK 2026. Tilskotet vert finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond.

Saksopplysningar:

Gjennom [TV-aksjonen 2026](#) har NRC Flyktninghjelpen som mål å kunne hjelpe over 400 000

menneske på flukt i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo – ein trygg heim og håp for framtida.

NRC Flyktninghjelpen er ein norsk humanitær organisasjon, som hjelper menneske på flukt over heile verda. Dei gir naudhjelp og kjempar for folk sine rettar i verdas verste kriser.